

# SENTERPARTIET I GLOPPEN



## KOMMUNEVALPROGRAM 2023 – 2027

### GLOPPEN – MED Plass TIL ALLE

#### VÅRE PRIORITERTE SAKER

1. Ta omsyn til klima, miljø og natur i vår framferd.
2. Ha gode og trygge oppvekstmiljø.
3. Det skal vere enkelt å skaffe seg bustad i kommunen.
4. Ein offensiv næringspolitikk som satsar på vidareutvikling og nyetablering.
5. Ein god kommune å bli gammal i.
6. Eit rikt kultur- og frivillighetsliv med plass til alle.

#### GRUNNSYN

Senterpartiet vil at Noreg skal bygge si framtid på dei kristne grunnverdiane og humanistiske verdiar i pakt med desse, den nasjonale arven og eit levande folkestyre. Målet for Senterpartiet sin politikk er å skape ein fellesskap av frie og sjølvstendige menneske, der rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp. Senterpartiet vil arbeide for å oppretthalde eit desentralisert samfunn.

#### TILFLYTTARKOMMUNE NUMMER EIN

Senterpartiet vil utvikle alle lokalsamfunn i kommunen slik at det vert attraktivt å bu, arbeide og skape i Gloppen. Vi ynskjer at Gloppen skal vere tilflyttarkommune nummer ein i Nordfjord og vi vil bidra til dette gjennom å arbeide for å ha byggeklare tomter, bustadar, barnehageplassar og skuleplassar tilgjengelege i nærmiljøet. God infrastruktur legg grunnlaget for ei god og allsidig utvikling i kommunen.

Kultur er med på gjere Gloppen til ein attraktiv kommune. Vi vil aktivt støtte opp om kulturskapande tiltak med spesiell vekt på tiltak for born, ungdom, rørslehemma og eldre. Senterpartiet meiner at deltaking og inkludering er viktige element i kulturpolitikken. Frivillig arbeid og eit mangfaldig organisasjonsliv gjev innhald til liva våre og er viktige samarbeidspartar for kommunen for å skape dei gode tenestene.

#### **Bygge og bu – Senterpartiet i Gloppen vil:**

- Legge til rette for varierte buformer og tilgang til tomter i alle delar av kommunen gjennom samarbeid med private aktørar og byggefelt i kommunal regi.
- At det skal vere mogleg å få delt i frå tomt i område der det ikkje er regulert til bustadfelt og ikkje er i konflikt med jordvernet.
- Stimulere til at det vert busetnad i tomme hus gjennom utleige eller sal og frådelling av bustadhus.
- Oppretthalde bygdesentra slik at dei kan yte den service som vi meiner innbyggjarar og tilreisande har krav på.
- Nytte utbygging av store samferdsleprosjekt til å legge til rette for bygdeutvikling

og utvikling av gode bu- og arbeidsområde.

- Ha god opplæring i språk og kunnskap om kommunen og ha tett samarbeid med næringslivet slik at innvandrere kjem raskt over i utdanning eller arbeidsliv.
- At kommunen er pådrivar i utbygging av digital infrastruktur.

## **OPPVEKST OG UTDANNING**

Det fremste målet for barnehagane og skulane i Gloppen er at alle born skal trivast og lære. Mobbing skal motarbeidast gjennom målretta samarbeid mellom barnehage, skule og heim. Senterpartiet vil at borna må stå i fokus ved vidare utforming av skulemønsteret. Det må vere klare mål for fagleg og sosialt innhald i skulen. Senterpartiet vil ha aktivt entreprenørskap i skulen og legge til rette for samarbeid mellom lokalsamfunn, næringsliv og skule.

### **Born - Senterpartiet i Gloppen vil:**

- At barnehagane og skulane skal ha god kvalitet.
- Ha nulltoleranse for mobbing og ha særskilt merksemd på digital mobbing.
- Ha full barnehagedekning i kommunen og framleis ha eit godt samarbeid med dei private barnehagane.
- Ha god standard på skuleanlegga:
  - Hyen skule skal ferdigstillast.
  - Legge til rette snarast for betre plass på Sandane skule.
- Ha gode skulebibliotektenester på alle skulane.
- At born med særskilte behov skal få fagleg god hjelp gjennom tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.
- Følgje opp at vi har rett og god kompetanse blant lærarane.
- Halde fram med oppdatering av IKT-utstyr på skulane til nytte både for elevar og tilsette.

### **Ungdom - Senterpartiet i Gloppen vil:**

- Gjennom tett og god dialog arbeide for å halde på eit variert fagtilbod ved Firda vidaregåande skule, styrke skule sin posisjon i Vestland fylke og legge til rette for at skulen vert ein attraktiv skule også i framtida.
- Vidareutvikle og vidareføre helsefagutdanninga for minoritetspråklege på Firda vidaregåande skule.
- Arbeide for utvikle samarbeidet mellom dei fire vidaregåande skulane i Nordfjord og at desse tilbyr eit breiast mogleg utdanningstilbod og at dei også tilbyr fleire fagutdanningar etter Gloppenmodellen.
- Arbeide for at det vert oppretta fleire lærlingplassar i kommunal sektor som eit viktig tiltak for å rekruttere arbeidskraft og kompetanse.
- At Sandane framleis skal vere ein attraktiv og trygg skulestad for hybelbuarar og ungdom elles mellom anna gjennom ein god helsestasjon for ungdom.
- Støtte opp under nye aktivitetar ved Nordfjord folkehøgskule og sikre folkehøgskulen som attraktiv skule- og arbeidsplass.
- Vidareutvikle ungdomsrådet som ungdommens eigen demokratiske arena, og saman med dei oppretthalde og vidareutvikle tilbod for ungdom.

## **NÆRINGSUTVIKLING OG SAMFERDSLE**

Gloppen har eit rikt og mangfaldig næringsliv og vi har mange spennande bedrifter. Kommunen må legge til rette for at desse kan vidareutvikle seg. Kommunen skal vere ein god tilretteleggar for nye bedrifter og næringar som ynskjer å etablere seg i kommunen. Landbruk er den største næringa i Gloppen og det er mange som satsar. Det er viktig for Gloppen kommune at produksjon og drift av areala vert helde i hevd samstundes som nye krav til næringa slår inn.

### ***Næringsutvikling – Senterpartiet i Gloppen vil:***

- At kommunen som innkjøpar skal handle mest mogleg lokalt.
- Ha tilgjengeleg areal til både land- og sjøbasert næring.
- At kommunen skal vere aktiv tilretteleggar for å hjelpe til med nyetableringar, knoppskyting og vidareutvikling av eksisterande næringsliv.
- Ha eit aktivt samarbeid mellom kommunen, næringsorganisasjonane og næringslivet og legge til rette for god dialog mellom desse.
- Arbeide for å knyte skulen til eksisterande næringsliv for å styrke skulen og lokale bedrifter.
- Arbeide for at Gloppen skal vidareutvikle seg som heilårs turistdestinasjon med hovudfokus på småskala reiseliv.
- Legge tilhøva til rette for besøkande i Sandane sentrum med mellom anna offentleg toalett.
- At kommunen er aktiv bidragsytar ved etablering og vidareutvikling av næringslivet – og til dømes kan bidra med praktisk hjelp til skriving av søknader m.v.
- Arbeide for at staten skal bere ein større del av ansvaret for arkeologiske undersøkingar ved tiltak i regi av privat næringsverksemd.
- Legge til rette for etablering av elevbedrifter på ungdomsskulane i kommunen.

### ***Landbruk – Senterpartiet i Gloppen vil:***

- Ha eit godt offentleg apparat for rettleiing med eit sterkt kommunalt/regionalt landbrukskontor i Gloppen.
- Legge til rette for utvikling av fleire nisjeprodukt og knoppskyting frå allereie etablerte produksjonar.
- Legge til rette for at fiske- og viltressursane kan nyttast i næringsssamanheng.
- At Gloppen kommune skal ha eit særleg fokus på foredling/vidareforedling av lokalproduserte matvarer.
- Arbeide aktivt i lag med faglaga for å betre rammevilkåra for landbruksnæringa i kommunen slik at næringa vert attraktiv og sikre at økonomi og rammevilkår kan møte lausdriftskrava fram mot 2034.
- Stimulere til fornying av driftsapparatet for mjølkeproduksjon.
- Arbeide for at skognæringa i kommunen vert ei meir aktiv næring med hogst og forvaltning av dei produktive skogareala.

### ***Samferdsle - Senterpartiet i Gloppen vil:***

- Ha ein kommunal samferdsleplan med prioritering av vedlikehald på kommunale vegar og trafikktryggingstiltak med rullering kvar kommunestyreperiode.
- Vere tett på arbeidet for opprusting av fv. 615 Sandane-Storebru slik at arbeidet med gang- og sykkelveg Sandane-Bukta vert starta opp.
- Få utarbeidd ein kommunedelplan for fv. 615 i Hyen der rassikring av Hopsstranda må prioriterast først.
- Vere ein pådrivar for val av E39-trase gjennom Byrkjelo, der jordvern, sentrumsutvikling, næringsareal, samt god tilkomstveg til kommunesenteret er viktig.
- At utbetring av flaskehalsar på eksisterande E39 gjennom Gloppen vert sett i gong.
- Arbeide for at det vert etablert gang- og sykkelveg og trafikktryggingstiltak i tilknytning til Byrkjelo sentrum.
- Arbeide for at bygging av bru over Anda-Lote vert sett i gong snarast.
- Arbeide opp mot sentrale styremakter slik at ferjeavløysingsordninga på riksvegane held fram.
- Arbeide for å styrke rutene til og frå Sandane lufthamn og flyplassen sin posisjon som flyplass for Nordfjordområdet.
- Arbeide for å få skrive opp fylkesvegane slik at desse ikkje vert flaskehalsar for næringslivet.

## **ENERGI**

Gloppen er ein stor leverandør av rein, fornybar energi og kraftressursane gjev viktige inntekter som kjem alle i kommunen til gode. Kommunen må vere aktiv i å vidareutvikle energiproduksjon i kommunen og vidareutvikle sine eigne eigarinteresser i kraftbransjen.

### ***Senterpartiet i Gloppen vil:***

- At Gloppen kommune gjennom eigarskap skal ha kontroll med kraftstasjonane i Gloppeelva.
- Medverke til at Sandane skal vere eit kraftsenter også i framtida gjennom aktivt eigarskap i SFE
- Ved bygging og opprusting av nye kommunale bygg og anlegg skal energisparande tiltak vektleggast.
- Arbeide for opprusting av strumnettet:
  - for nasjonal kontroll.
  - auka beredskap.
  - betre effektivitet.
  - utjamning av geografiske prisskilnader.

## **KLIMA OG MILJØ**

### ***Senterpartiet i Gloppen vil:***

- At Gloppen kommune skal vere pådrivar for å utvikle grønne næringar og grøn teknologi.
- At miljøomsyn må vektleggast ved offentlege innkjøp.
- At kommunen skal velje mest mogleg klimavenleg alternativ ved utskifting av kommunale tenestebilar.
- Arbeide for betre kollektivtransport i regionen i samarbeid med nabokommunane.
- Medverke aktivt for å få bygd biogassanlegg i Gloppen.
- Arbeide for at landbruket i Gloppen vert klimasmart og kan kutte utslepp utan å redusere i produksjonen.
- At ved nedbygging av dyrka jord skal denne erstattast denne med tilsvarande areal av minst like god kvalitet.
- Ta omsyn til arealbruk og natur ved å vere restriktiv med å gje løyve til hytter utanfor avsette område til hyttebygging.

## **HELSE OG OMSORG**

Senterpartiet arbeider for at innbyggjarane i Gloppen skal få omsorg på rett nivå. Førebygging og tverrfagleg arbeid skal prioriterast for at innbyggjarane skal få gode og samordna tilbod og for at det vert sett inn tidleg innsats. Det må byggast og sikrast god kompetanse i tenestene.

### ***Senterpartiet i Gloppen vil:***

- At Gloppen skal framleis skal vere mellom dei fremste til å ta i bruk ny velferdsteknologi.
- Oppfylle kravet om einerom for alle som bur fast på institusjon. Kommunen skal også kunne tilby dobbeltrom for par som ynskjer det.
- At Gloppen omsorgssenter skal vere ein ressurs for avlasting for pårørande med tyngjande omsorgsoppgåver og ein ressurs for rehabilitering av menneske med funksjonssvikt, slik at desse kan bu heime lengst mogleg.
- Styrke barnevernet og ha eit godt og systematisk samarbeid på tvers av etatane og på tvers av kommunegrensar.
- Ha lokal legevakt og gode legetenester.
- At kommunen skal arbeide aktivt og tverrfagleg for å drive førebygging og ha tidleg innsats innan rus og psykisk helse.
- At folkehelsearbeid skal vere gjennomgåande for alt arbeid i kommunen.
- Ha gode jordmortenester og støtte oppunder eit samarbeid om tenester som «God start» på Nordfjordeid.
- Oppretthalde helsestasjon for ungdom slik som i dag.

## **KULTUR OG FRIVILLIGHEIT**

Gloppen har eit rikt kultur- og frivilligheitsliv og vi har mange organisasjonar som legg til rette for ulike tilbod til innbyggjarane. Dette er viktig for at folk skal trivast i kommunen og bli ein del av lokalsamfunnet.

### ***Senterpartiet i Gloppen vil:***

- Prioritere frivillige organisasjonar som driv arbeid for born og unge.
- At skulane kan nyttast til aktivitetar også etter skuletid for frivillige lag og organisasjonar.
- Legge til rette for frivillige organisasjonar som gjer viktig arbeid knytt til helse- og omsorgstilboda.
- Støtte opp om og medverke til å vidareutvikle Gloppen frivilligheitssentral.
- Støtte opp om eit breitt kulturliv som gjev mangfald for innbyggjarane og tilreisande.

## **KYRKJE OG RELIGION**

Senterpartiet ynskjer å legge til rette for at Kyrkja og andre trussamfunn skal kunne utvikle seg i kommunen. Desse vil vere viktige kultur- og miljøskapande faktorar i lokalsamfunnet.

### ***Senterpartiet i Gloppen vil:***

- At Kyrkja skal ha gode arbeidsvilkår, og at dåpsopplæringa framleis skal stå sterkt.
- Arbeide for at staten legg til rette økonomisk for godt vedlikehald og god drift av kyrkjene og kyrkjegardane, og stiller midlar til rådvelde for kyrkja sine arbeidsoppgåver i samfunnet.
- Gje støtte til andre trussamfunn i kommunen og medverke til møteplassar og inkludering.
- Legge til rette for at fleire kan utøve sin eigen religion i eigna bygg som til dømes moskè.
- Legge til rette for livssynsnøytrale seremonirom.

## **BUDSJETTARBEID OG ARBEIDSGJEVARPOLITIKK**

Senterpartiet vil ha ein effektiv kommunal organisasjon. Gloppen må ha ein sunn kommuneøkonomi der kommunen som tenesteytar kan stette behova innbyggjarane har.

### ***Senterpartiet i Gloppen vil:***

- Arbeide for at ein kommuneøkonomi som gjev overskot i drifta og soleis er med å sikrar gode tenester og naudsynt kapital til utvikling og investeringar.
- At kommunen skal vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass.
- At primæroppgåvene til kommunen skal vere i offentleg regi og ikkje privatiserast.

## **BEREDSKAP**

Senterpartiet vil ha ein auka fokus på beredskap og samfunnstrygging i all kommunal planlegging. Samfunnet er i stadig endring og vi ser ei utvikling der vi får meir og meir ekstremvær som fører til store naturødeleggingar og gjev oss mange utfordringar.

### **Senterpartiet i Gloppen vil:**

- Arbeide for å styrke brann- og redningsberedskapen i kommunen.
- Bidra til å styrke samarbeidet mellom dei ulike beredskapsorganisasjonane – både offentlege, private og frivillige.
- Ha gode system for oppdatering av kommunen sine beredskapsplanar.

## **SAMARBEID MELLOM KOMMUNAR**

Gloppen skal framleis bestå som eigen kommune. Senterpartiet vil likevel vere med å utvikle samarbeidet med kommunane rundt oss. Vi ser at med eit godt samarbeid står vi sterkare mot sentraliseringstendensar. Senterpartiet vil at fleire oppgåver skal leggest under folkevald styring og avgjerdsmynde skal desentraliserast.